

Vår ref.:
25/01837-1

Dato:
04.02.25

Referat frå IDF-møte 03.02.2025 - styresaker

Kl. 13:00-14:15 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane (Tillitsvalde)

- Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
- Jan Ove Mjånes, Akademikerne
- Tone Skjerdal, NTL/LO-stat
- Kari Smørås Brakstad, vara Parat/YS-stat
- Karin Bell, Hovudverneombod (HVO)

Forfall: Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat

Frå arbeidsgjevar:

- Gunnar Yttri, Rektor
- Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
- Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
- Wenche Fjørtøft, Seniorrådgjevar HR (referent)

Styremøte 06.02.2025

1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste til styremøte 1/2025

Tillitsvalde hadde ingen merknad til innkalling og sakliste

2/25 - Prorektor og dekan 2025 - 2029 - ansvarsområde og mynde

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Vi skal ha robuste og trygge campus. Saknar omtale av regionalt ansvar og utvikling av fleircampus institusjonar. Kven tek det lokale ansvaret for regionen? Vi skal ha fokus på dei ulike campus, og at utvikling vert godt ivarettatt og synleggjort. Fleircampusinstitusjon blir eit viktig omgrep. Dekanane må ta ansvar lokalt.

Rektor: Heilskapen er viktig. Nyskapingselementet må kome fram. Dekanane har fått eit definert ansvar rundt studieportefølje og campusutvikling

Tillitsvalde: Tittelen på den tredje prorektoren er eit diskusjonstema. Ein ser behovet for å heve nyskaping og innovasjon. Har ein gått for langt når ein kallar stillinga Prorektor for nyskaping? Ein burde ha helde på namnet Prorektor for regional utvikling. Regional utvikling har vore framheva og er viktig. Nyskaping er for smalt, nyskaping skjer også i undervising og forskning.

Det vert stilt spørsmål ved å flytte prosjektansvaret til Artemis. Det er tett knytt mot det internasjonale samarbeidet som er den største profilen. Det hadde vore naturleg at prosjektet ligg under Prorektor for forskning, der det internasjonale arbeidet høyrer til.

Rektor: Det vert ikkje gjort endringar i bemanning. Prosjektleiaren ARTEMIS vil sortere og rapportere til Prorektor for forskning. Prosjektet som heilskap har ein tung regional profil der vi ser vi kan gjere betre nytte av nettverket vi har i regionen. Det er eit tidsavgrensa prosjekt der vi må lukkast med strategien i løpet av 4 år. Vi må kunne samarbeide og samhandle betre på tvers av linjer for å lukkast. Koplinga mellom det regionale og internasjonale er noko av det vi må lukkast med.

Tillitsvalde spør om overføring av EVU (Etter og vidareutdanning) til Prorektor for utdanning vil få konsekvensar som til dømes omorganisering av administrasjonen?

Rektor: Det er ikkje planlagt ei omorganisering, men vi må sjå nærare på behova når ansvar vert flytta.

3/25 - Utlysing av åremålsstillingar - prorektor for utdanning - prorektor for nyskaping - dekan FLKI - dekan FHS - perioden 01.08.2025-31.07.2029

Tillitsvalde og hovudverneombod spelte inn ein del endringar i utlysingstekstane som arbeidsgjevar vil følgje opp (jf tekst i slutten av referatet).

4/25 - Årsrapport 2024 - Høgskulen på Vestlandet - Kapittel 1 - Styrets fråsegn

Rektor orienterte.

Tillitsvalde påpeiker at innsatsen tilsette har lagt ned i omstillingsarbeidet bør nemnast, under overskrifta *Kulturbygging*. Kan vi seie noko kva vi ikkje er nøgd med? I teksten er berre Campus Haugesund nemnt. Kunne vi ha trekt fram alle campus under teksten der fleircampusperspektivet er nemnt?

5/25 - Tidslinje for vurdering av medverknad i HVL og styringsmodell i fakulteta

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Tidslina ser fornuftig ut, og vi må ha god tid til arbeidet. Det er mange spennande prosessar vi skal i gang med og vi skal ikkje gjere noko som trugar universitetsambisjonen. Har fått nokre innspel om at tidslina kan vere noko for lang, og kvifor eit fakultetsstyre, dersom det vert vedtatt, ikkje kan iverksetjast før hausten 2027.

6/25 - Forslag til årsplan for internrevisjon ved HVL 2025

Tillitsvalde saknar omtale av dei tilsette og tilsetteperspektivet. Saknar omtale om korleis det står det til med arbeidsmiljøet etter omstilling.

7/25 - Bruk av styringsparameter i verksemdstyringa

Tillitsvalde gjev innspel om at ein bør halde seg innafor styringsparameter og indikatorar som vi har system for å registrera, slik at rapporteringa ikkje inneber mykje meirarbeid. Rektor peikar på at det samstundes er viktig med styringsparameter. Ein kjem inn på viktige punkt i HVL som vi må ha oversyn over korleis vi kan utvikle.

HVO: Parametra er beskrivande og stiller spørsmål om korleis vi måler framgang og tilbakegang. Blir vi ein betre institusjon, utviklar vi oss mot universitet? Får vi noko som blir betre?

Rektor: Det er viktig å ha eit godt opplegg mot forskingsetikk og evne til å samarbeide på tvers av fakultet og faggrenser.

Tillitsvalde stiller spørsmål om tydinga av omgrep som til dømes *auka innovasjonskapasitet*. Korleis veit vi at vi har lukkast? Kva er godt nok?

Rektor: Auka innovasjonskapasitet heng mellom anna saman med eksterne inntekter. Vi må ha meir handlingsrom for å ha nyskapande verksemd internt i HVL eller i samarbeid med verksemdar. I nyskaping ligg tanken av ekstra stor samfunnsnytte.

Tillitsvalde: Viser til tilbakemeldinga frå Kunnskapsdepartementet som etterlyser analysen av utviklinga. Denne analysen er vanskeleg å gjere viss vi berre har indikatorar som er beskrivande.

8/25 - Ny UH-lov og tilhørende forskrift, retningslinjer ved HVL

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Det har vore gjort mykje godt arbeid og det er bra at det er opna opp. Vi må ikkje underkjenne dosentstillingar, men likestille med professorstillingar. Det er positivt at tilsette med doktorgrad også søker om å bli dosent. Avgjerdsmyndet for tilsetting av rekrutteringsstillingar er flytta frå tilsettingsutvalet til dekan. Er det ei forenkling eller ei innstramming?

Når det gjeld språkrava med frist på 3 år for å tileigne seg norsk, så opplever ein at departementet oppfordrar oss til lokal tilpassing og å sjå på andre tiltak. Språkrava gjeld også ved opprykk. Framandspråklege vil få eit problem med opprykk viss ein ikkje har lært seg norsk. HVL burde ha jobba meir med språk. Vi må rydde opp i språkpolitikken og praksisane som vi har. Nokre fagmiljø bruka engelsk som arbeidsspråk.

HVO: Dei som har engelsk som morsmål har lett for å bruke det vidare. Vi bør hjelpe dei å bruke norsk.

Orienteringssaker

O-1/25 - Tildelingsbrev 2025

Rektor orienterte.

Referatsaker

O-2/25 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 01/2025

O-3/25 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 1/2025

O-4/25 - Referatsaker - styremøte 01/2025

Innspel frå tillitsvalde til justeringar i tekst til styresak 3:

Prorektor for nyskaping, arbeidsoppgåver og ansvar: Punkt 1 og 5 bør skrivast saman.

Kvalifikasjonskrav, generell kompetanse: Punkt 2 og punkt 5 bør skrivast saman. "Erfaring frå å forløyse potensialet i digitale løysingar" er eit svært konkret kvalifikasjonskrav som det vert reist spørsmål ved om bør vera der.